

SAK 06-09 ÅRSBUDSJETT FOR 2010 OG ØKONOMIPLAN OG HANDLINGSPROGRAM 2010 – 2013

Saksopplysing

I tillegg til årleg driftsbudsjett for Regionrådet skal det utarbeidast økonomiplan/handlingsprogram. Bakgrunn for økonomiplan/handlingsprogram er:

- Strategisk plan for Hallingdal 2006 – 2010
- Vedteke handlingsprogram, Regionrådet sak 79/08.
- Årsbudsjett for 2009 og økonomiplan og handlingsprogram for 2009 – 2012, Hallingtinget sak 08/08.

Driftsbudsjettet for 2010

Driftsbudsjettet for 2010 tek utgangspunkt i rekneskapet for 2008, budsjett for 2009 og dei erfaringar ein har med drift av regionrådskontoret.

Den største endringa frå budsjettet for 2009 er at det er lagt inn kr. 80.000 til Hallingdal Ungdomsråd, jmf. Regionrådet sitt vedtak sak 44/09.

Det er kommunane som i stor grad må dekkje drifta av regionrådet.

Vedlegg 2 syner forslag til driftsbudsjett for 2010.

Vedlegg 3 syner forslag til kostnadsdeling mellom kommunane, for 2010.

Post 25699850 Disposisjonfond

Disposisjonsfond var 31.12.2008 på kr. 1.626.632,46.

I sak 08/08 rådde Hallingtinget til at Regionrådet sitt disposisjonsfondet minimum skal vera kr. 1.500.000 ved starten av året.

Handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal

Handlingsprogrammet til Strategisk plan for Hallingdal har fleire tiltak som Regionrådet eller Rådmannsutvalet har ansvaret for, og det er tiltak som det kan vera naturleg at Regionrådet og Rådmannsutvalet samarbeidar om.

Vedlegg 1 er førebels forslag til justert handlingsprogram, oppsummering i forhold til ansvar og framdrift og kostnadsoversikt på dei tiltak som har vore mogeleg å talfeste. Det er i denne samanheng viktig å presisere at for ei rekke tiltak er kostnadane eigeninnsats.

Når det gjeld gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal og finansiering av desse skjer dette m.a. via partnarskapsavtala med Buskerud fylkeskommune og tilskot frå kommunane. Utviklingsmidlar frå Buskerud fylkeskommune (partnarskapsavtale) er for 2009 på kr. 2.470.000. Her er det viktig å vera merksam på at dette er midlar som også kan søkjast på, slik at det kan vera feil å foreta eit forslag til disponering av heile potten.

I tillegg står det att midlar i det regionalt næringsfond som har fått statlege midlar i 2006, 2007 og 2008, totalt kr. 4.448.000.

Her er det gjort følgjande løyvingar i Regionrådet:

- Sak 31/07, Hallingmo,	kr. 450.000
- Sak 39/07 Norges Friluftshøgskole	kr. 400.000
- Sak 51/07 Hallingforsk	kr. 1.200.000
- Sak 49/08 Utsiktsrydding	kr. 500.000
- Sak 72/08 Perfect day i Hallingdal	kr. 200.000
Sum disponert	kr. 2.750.000
Til disposisjon frå næringsfondet	kr. 1.698.000

Det blir og arbeid kontinuerleg via heile virkemiddelapparatet, for å styrke finansieringa.

Tabell 1 syner førebels forslag til tiltak for 2010 som har ein direkte økonomisk kostnad. Her er det viktig å vera klar over at mange av tiltaka blir gjennomført av andre enn Regionrådet. I tillegg er mange av tiltaka kontinuerleg arbeid som Regionrådet arbeidar med, men som er lagt inn i handlingsprogrammet.

Strategisk plan for Hallingdal med handlingsprogram skal vera den overordna planen for arbeidet til Regionrådet. Det må likevel vera rom for å kunne støtte tiltak som kjem opp undervegs sjølv om det ikkje er ein del av handlingsprogrammet.

Tabell 1; Førebels budsjett 2010, Strategisk plan for Hallingdal (nr. tiltak er referert til handlingsprogrammet)

Nr.	Tiltak	Framdrift	Ansvar	Kostnad
1.e	Betre informasjon internt og eksternt	Kontinuerleg	RR/RU	20.000
1.f	Vidareutvikle felles grafisk profil og profilering	2010	RR	50.000
2.c	Deltaking Fjellregionsamarbeidet	Kontinuerleg	RR	50.000
4.c	Samhandlingsreforma – utvikling og organisering i Hallingdal. Hallingdal lokalmedisinske senter.	2010	RR	325.000
5.a	Kartlegge behovet for desentralisert høgskuleutdanning og gjennomføre desse	2010	RR/kompetansenettverk	50.000
5.b	Arbeide for etablering av Norsk Fjellmatsenter	2010	Hol/RR	200.000
5.e	Auka satsing på entreprenørskap i skolen, m.a. Ungt entreprenørskap Hallingdal, grunnskule (partnarskap – jobbavis)	2010	RR/NHO	200.000
6.c	Vurdere etablering eit regionalt kulturutval	2010	RR	20.000
6.d	Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.	kontinuerleg	RR	30.000
6.f	Hallingdal Museum som regional institusjon i samspel kultur/turisme	kontinuerleg	HM/HR	100.000
6.h	Utvikle betre og felles informasjon om aktivitetar og tilbod på tvers av kommunane (kva skjer)	2010	RR/RU	50.000
7.a	Møteplass mellom Regionrådet og næringslivet, tilskot Hallingdal Utvikling	2010	RR	350.000
7.b	Bistand til etablerarar (Hallingdal Etablerersenter)	kontinuerleg	RR	250.000
7.c	Vidareutvikling/drifting av www.ressurspersoner.no	2010	RR	40.000
7.e	Tilflyttungsprosjekt i samarbeid med Placement	2010	RR/kom/næring	225.000
8.a	Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv, ulike tiltak	2010	RR/HR	800.000
8.b	Gjera Hallingdalselva (også andre elvar og fiskevatn i Hallingdal?) til innlandsnorges mest attraktive fiskeelv.	2010	Elveeigarlag/ECO/HR/RR/HN	50.000
8.c	Initiativ for å setja i gang prosjekt der aktivitetstilbod knytt til landbruk blir kopla	2010	HR/RR/Bondelaga	100.000

	saman med utvalte reiselivsbedrifter.			
8.e	Støtte prosjekt for utsiktsrydding langs Rv7 og Rv52.	2010	RR/komm.	Midlar er løyvd
9.c	Utvikle nisjeløysingar for landbruket i regionen (t.d.Hallingkost)	2010	Bondelaga	100.000
10.d	Støtte prosjektet Trafikktryggleik Hallingdal	2010	RR	400.000
TOTAL SUM				3.410.000

Samandrag økonomiplan 2010 – 2013 (2009-kroner)

TILTAK	2010	2011	2012	2013
Driftsbudsjett	1.100.000	1.100.000	1.100.000	1.100.000
Disposisjonsfond	0	-	-	-
Tiltak Strategisk plan	3.410.000	2.050.000	1.450.000	1.450.000
SUM	4.510.000	3.150.000	2.550.000	2.550.000

Finansiering

TILTAK	2010	2011	2012	2013
Kommunane, driftsbudsjett	1.100.000	1.100.000	1.100.000	1.100.000
Kommunane, disposisjonsfond	0	-	-	-
Avsett Strategisk plan	225.000	0	0	0
Kommunane, tiltak Strategisk plan 2010	600.000	600.000	600.000	600.000
Fylkeskommunen, tiltak Strategisk plan	2.585.000	1.450.000	850.000	850.000
SUM	4.510.000	3.150.000	2.550.000	2.550.000

Forslag til vedtak

1. Hallingtinget gjer framlegg om at kommunane vedtek forslag til driftsbudsjettet for 2010, med ei kommunal finansiering på kr. 1.100.000.
2. Til gjennomføring av tiltak i Strategisk plan for Hallingdal, rår Hallingtinget at det blir løyvd kr. 600.000 for 2010, frå kommunane i Hallingdal.
3. Med bakgrunn i vedteke handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal, vedtek Hallingtinget forslag til økonomiplan 2010 – 2013.

Ål 5.9.2009

Knut Arne Gurigard
Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

- Vedlegg 1: Strategisk plan, økonomiplan – utkast handlingsprogram 2010 – 2011
 Vedlegg 2: Forslag til driftsbudsjett for 2010.
 Vedlegg 3: Forslag til kostnadsdeling, mellom kommunane for 2010.

SAK 06/09, VEDLEGG 1, STRATEGISK PLAN, ØKONOMIPLAN – UTKAST HANDLINGSPROGRAM 2010 - 2011

SAMHANDLING	Framdrift	Ansvar	Kostnad	Pri.
Mål 1: Kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode! Gjera Hallingdal sterkare og gje betre tenester til innbyggjarane.				
d Hallingdal vidareutviklar det interkommunale samarbeidet innan administrative og tekniske støttefunksjonar.	Kontinuerleg	RU	eigen tid	1
e Betre informasjon internt og eksternt	Kontinuerleg	RR/RU	20.000/år	1
f Vidareutvikle profilering/identitetsbygging.	2010-2011	RR	100.000	1
Mål 2: Hallingdal sine interesser skal ivaretakast gjennom eit handlekraftig regionråd.				
a Setja ned arbeidsgruppe for å vurdere kva område som kan/bør regionalisera, og korleis styring, ansvar og mynde skal organiserast	2009	RR (nytt)	eigen tid	2
b Regionrådet initierer ein prosess for å styrke samhandlinga regionalt.	2009	RR (nytt)	100.000	2
c Vidareutvikle www.fjellregionsamarbeidet.no og samarbeidet med Buskerud fylkeskommune, og gjennom dette utvikle internasjonalt nettverkssamarbeid for å kome i ein meir aktiv dialog med EU.	Kontinuerleg	RR	eigen tid 50.000	1
Mål 3: Knutepunkt Gol, spelar saman med dei andre kommunenesentra				
a Vurdere utvikling av eit klart definert regionsenter for Hallingdal til styrking av heile regionen (<i>må sjåast i samanheng med mål 12</i>).	Vurdere eit forskingsprosjekt der det m.a. blir analysert kvifor Hallingdal er annleis enn andre distriktsregionar og fordeler/ulemper med eit regionsenter generelt og konkret for Hallingdal	RR		1
b Kartlegge aktuelle statlege arbeidsplassar som kan vera aktuelle å desentralisere		RR	eigen tid	2
Mål 4: Helsefremmande tiltak i partnarskap skal; auke kompetanse, fremme aktivitet og god helse og trivsel i befolkninga i Hallingdal				
a <u>Utarbeide regional folkehelseplan.</u> (verktøy for tiltak som Grøn omsorg, IL@skolen , Friskliv, rett kosthold/fysisk aktivitet)	Aktuelt i 2009, men blir sett i samanheng med 1.a	RU i samarbeid med Bfk	eigen tid	2
b Vidareutvikle Hallingforsk, i samarbeid med Helse Sør Øst og Ringerike sykehus	Under arbeid	Ål kommune		1
c Vidareutvikle Hallingdal sjukestugu som distriktsmedisinsk senter og vera i fremste rekke i arbeidet med samhandlingsreformen.	2010	Ål kommune/ Samarbeidsutvalet	325.000	1

SAK 06/09, VEDLEGG 1, STRATEGISK PLAN, ØKONOMIPLAN – UTKAST HANDLINGSPROGRAM 2010 - 2011

KOMPETANSE					
Mål 5 Innbyggjarane er Hallingdal sin viktigaste ressurs – me vil ta vare på og utvikle kompetansen i regionen.					
a	Kartlegge behovet for desentralisert høgskuleutdanning og gjennomføre desse.	2010	RR/Komp. nettverk	50.000	1
b	Støtte etablering av næringshagar (veksthus) i alle kommunane, desse bør stå saman i nettverk.	Eks. Nes kommune	Kommunane		1
c	Arbeide for etablering av Norges Friluftshøgskole	2010-2011	Hemsedal		1
d	Arbeide for etablering av Norsk Fjellmatsenter	2010-2011	Hol/RR	100.000	1
e	Auka satsing på entreprenørskap i skolen, m.a. Ungt entreprenørskap Hallingdal, grunnskule (partnarskap – jobbavis)	Kontinuerleg	RR/NHO	200.000	1
f	Vidareføre Yrkessessa	Hausten 2009	RR	200.000	1
Mål 6 Kulturliv, næringsliv og det offentlege skal stimulere kvarandre for å utvikle Hallingdal til ein profilert kulturregion.					
a	Vurdere etablering av regionalt fotoarkiv.	2010	RR/Arkiv	-	3
b	Verdiskaping innan kulturminneområdet, med bakgrunn i MD og Riksantikvaren sitt program (2006 – 2010)	2009	RU/Hallingdal Museum	50.000/år	1
c	Vurdere etablering eit regionalt kulturutval	2010	RR	20.000/år	2
d	Styrking av vertsskapsrollar med fokus på formidling av lokal tradisjon og kultur.	kont	RR	30.000/år	1
e	Gardnosbreksja som internasjonal attraksjon, oppfølging/vidareutvikling av kommunalt prosjekt	2009-2010	Nes kommune	-	
f	Hallingdal Museum som regional institusjon i samspel kultur/turisme	kontinuerleg	HM/HR	100.000	1
g	Utvikle/marknadsføre nisjeprodukt og andre opplevelingar med basis i lokal tradisjon, t.d. Hallingkost	2010-2011	HR		1
h	Utvikle betre og felles informasjon om aktivitetar og tilbod på tvers av kommunane (kva skjer)	2010	RR/RU	50.000	1
i	Opprette regional produsentstilling med base Ål kulturhus og verksemeld i heile Hallingdal	2009	Ål kommune	1	?

¹ Full stilling som kan finansierast med sal av tenester til ulike enkelt-produksjonar og t.d. faste oppgåver for Hallingdal teaterverkstad og kulturskulane.

INNOVASJON, NÆRINGSLIV, REKRUTTERING				
Mål 7 Etablere konkrete tiltak i forhold til innovasjon, nyskaping og rekruttering				
a Etablere møteplass mellom Regionrådet og næringslivet, oppfølging.	2010-2011	RR	350.000/år	1
b Bistand til etablerarar (Hallingdal Etablerersenter)	kontinuerleg	RR	250.000 ²	1
c Vidareutvikling/drifting av www.ressurspersoner.no	2009-2010	RR	40.000/år	1
d Støtte prosjektet "Lys i alle glas"	2009 - 2010	RR/kommunane	200.000	1
e Utvikle tilflyttungsprosjekt i samarbeid med Placement	2009 - 2010	RR/kommunane	450.000	1
f Arbeide for gode lærlingeordningar, m.a. med fleire lærlingeplassar i kommunane	2009	RR/RU		1
Mål 8 Vidareutvikle Hallingdal til den fremste reiselivsregionen i landet.				
a Støtte opp om felles reiselivsselskap Hallingdal Reiseliv (Hallingdal Reiseliv må vera Hallingdals felles organ på reiseliv med fokus på felles merkevarebygging, samarbeid, kompetanse og kvalitet.)	2010-2011	RR/HR	800.000/år	1
b Gjera Hallingdalselva (inkl. andre elvar og fiskevatn i Hallingdal) til innlandsnorges mest attraktive fiskeregion (eller "Hallingdal, ørretens rike")	2010-2011	Elveeigarlag/ ECO/HR/RR/	50.000/år	1
c Initiativ for å setja i gang prosjekt der aktivitetstilbod knytt til landbruk blir kopla saman med utvalte reiselivsbedrifter.	2010-2011	HR/RR/ Bondelaga	100.000	3
d Konkret prosjekt for profilering av innfartsvegane til Hallingdal	2010	RR/HR	-	1
e Støtte prosjekt for utsiktsrydding langs Rv7 og Rv52	2010-2011	RR/kommunane	500.000	1
Mål 9 Landbruket skal vera ei sterk næring i Hallingdal				
a Stimulera til gards- og utmarksbasert turisme (Grøn turisme).	Kont	Bondelag/ HR	eigen tid	1
b Permanent kurs- og rådgjevingstilbod til unge bønder til ein låg pris. (Etableraargrupper, mentortilbod, studieturuar, nettverksgrupper m.m.)	2010	HE/Landbrukets fagsenter	-	?
c Utvikle nisjeløysingar for landbruket i regionen (t.d.Hallingkost)	2010-2011	Bondelaga	100.000	?

² Kommunale tilskot kjem i tillegg

SAK 06/09, VEDLEGG 1, STRATEGISK PLAN, ØKONOMIPLAN – UTKAST HANDLINGSPROGRAM 2010 - 2011

d	Etablere prosjekt mellom reiselivet og landbruket,	2010-2011	HR/ Bondelaga	-	2
e	Støtte tiltak for auka (bruk) produksjon av bioenergi	2010-2011	RR	-	2
INFRASTRUKTUR					
Mål 10 Utvikle effektive, trafikksikre og miljøvennlege kommunikasjonsårer					
a	Påverke til at Ramsrudhellingane og Sokna –Ørgenvika blir gjennomført med byggestart 2009-2010.	Kontinuerleg	RR		1
b	Arbeide for at Rv7/Rv52 får ein nødvendig standardheving både i forhold til vedlikehald og trafikktryggleik	Kontinuerleg	RR	Eigen tid	1
c	Sikre at Rv7 over H.vidda og Rv50 Hol/Aurland blir prioritert som fullverdige vinterbrøyta vegar	Kontinuerleg	RR		1
d	Støtte prosjektet Trafikktryggleik Hallingdal	2010-2011	RR	800.000	1
e	Regionrådet intensiverar innsatsen i arbeidet til Forum Nye Bergensbanen.	2010	RR	30.000/år	1
f	Samordna transporttilbod med chartertog til området (København – Hallingdal, Oslo – Hallingdal).	Kont	HR		1
g	Betre kollektivtilbodet Gardermoen – Ringerike - Hallingdal	2010	RR		1
Mål 11 Det Digitale Hallingdal³ skal vera med å gje innbyggjarar og næringsliv ein enklare kvardag og fremje verdiskapning.					
a	Utvikle breidbandnett i Hallingdal i samarbeid med Hallingdal kraftnett	2010	Hkn/RR	⁴	1
b	Utvikle trådlause sentrum i Hallingdal	2010	RR/Hkn/komm.	800.000 ⁵	1
c	Arbeide aktivt mot regionale/statlege nivå for å utnytte lokale løysingar best mogeleg	Kontinuerleg	RU	eigen tid	
Mål 12 Vidareutvikle attraktive tettstadar i Hallingdal					
b	Legge til rette for at alternative fornybare energikjelder kan takast i bruk i alle nye private og kommunale utbygningiar.	Kontinuerleg	Kommun.	-	1

³ Det Digitale Hallingdal = arbeidstittel på felles IKT satsing i Hallingdal

⁴ Hallingdal Kraftnett har påteke eit ansvar for utbygging av hovudnett i Hallingdal

⁵ Tilskot frå KRD/Bfk

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL, DRIFTSBUDSJETT FOR 2010

KONTO TEKST		BUDSJETT FOR 2010	BUDSJETT FOR 2009	REKNESKAP FOR 2008
ADMINISTRASJON				
10100 Løn		850 000	790 000	896 397
10990 Arbeidsgjevaravgift		110 000	110 000	105 949
10900 Pensjon		120 000	110 000	131 111
11900 Husleige		60 000	55 000	51 304
11301 Telefon		30 000	30 000	25 407
11300 Porto		3 000	3 000	3 670
11000 Kontorrekvisita, tidskrift, faglitt.		15 000	12 000	18 807
12000 Inventar og utstyr		15 000	15 000	24 838
11501 Reiseutgifter, adm.		60 000	50 000	68 051
11151 Møteutgifter		10 000	5 000	33 385
11500 Kurs, konferansar		10 000	10 000	6 025
11402 Brevark, konvoluttar, logo		5 000	5 000	16 526
11209 Ymse utgifter administrasjon		20 000	15 000	33 385
13501 Rekneskapsføring/revisjon, konsulent		35 000	35 000	30 450
14500 Overføring til kommuner		0	0	0
SUM ADMINISTRASJONSKOSTNADER		1 343 000	1 245 000	1 445 305
POLITISK DEL				
10800 Godtgjersle leiar		30 000	28 000	27 500
10801 Møtegodtgjersle		38 000	30 000	15 600
10990 Arbeidsgjevaravgift		4 000	4 000	3 413
11501 Reiseutgifter		50 000	50 000	48 378
11209 Ymse utgifter Regionrådet		30 000	30 000	28 724
14700 Tilskot "Dølaminne"		6 000	0	0
11500 Regionrådskonferanse		25 000	25 000	0
Drift Hallingdal Ungdomsråd		80 000		
SUM UTGIFTER REGIONRÅDET		263 000	139 000	123 615
TOTALE KOSTNADER		1 606 000	1 384 000	1 568 920
INNTEKTER				
17500 Frå kommunane etter fordeling, drift		1 100 000	1 034 000	999 998
18900 Refusjon frå andre		0	0	
3999 Eigeninnsats prosjekt, refundert		206 000	150 000	185 000
19000 Renter av bankinnskott		300 000	200 000	522 929
19500 Fond				-139 007
SUM INNTEKTER		1 606 000	1 384 000	1 568 920
RESULTAT				
9000 Årsoverskot		0	0	0



Sak 06-09, vedlegg 3

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL FORDELING AV KOSTNADER 2010

FORDELING AV KOSTNADER TIL DRIFT:

30 % etter deltagarar i regionrådet

70 % etter folketal (berekna 1.7.2009)

BUDSJETT 1 100 000

FORDELING KOSTNADER STRATEGISK PLAN

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2009

BUDSJETT 600 000

DISPOSISJONSFOND

Fordeling er gjort etter folketal 1.7.2009

BUDSJETT 0

KOSTNAD PR. KOMMUNE:

KOMMUNE	INNB.	1.1-30.6	1.7-31.12	DRIFT	STR.PLAN	DISP.FOND	TOT SUM
Flå	995	46 623	46 623	93 246	29 802	0	123 049
Nes	3467	94 133	94 133	188 266	103 844	0	292 110
Gol	4513	114 236	114 236	228 473	135 174	0	363 647
Hemsedal	2030	66 515	66 515	133 030	60 803	0	193 833
Ål	4631	116 504	116 504	233 009	138 708	0	371 717
Hol	4396	111 988	111 988	223 976	131 669	0	355 645
SUM	20032	550 000	550 000	1 100 000	600 000	0	1 700 000

Ål 4.9.2009

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar